

KOMMISJONSDIREKTIV (EU) 2017/164**2019/EØS/50/57****av 31. januar 2017****om fastsetjing av ei fjerde liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i medhald av rådsdirektiv 98/24/EF, og om endring av kommisjonsdirektiv 91/322/EØF, 2000/39/EF og 2009/161/EU(*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 98/24/EF av 7. april 1998 om vern av helse og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I medhald av direktiv 98/24/EF skal Kommissjonen, i form av rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet som skal fastsetjast på unionsplan, gjere framlegg om unionsmål for vern av arbeidstakarar mot risikoane i samband med eksponering for farlege kjemikalier.
- 2) Ved artikkel 3 nr. 2 i direktiv 98/24/EF får Kommissjonen fullmakt til å fastsetje eller revidere dei rettleiande grenseverdiane for eksponering i arbeidet gjennom tiltak som vert vedtekne etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 17 i rådsdirektiv 89/391/EØF⁽²⁾, samstundes som det vert teke omsyn til tilgjengelege måleteknikkar.
- 3) Når Kommissjonen utfører denne oppgåva, skal han få hjelp av Vitskapsutvalet for yrkeshygieniske grenseverdiar (SCOEL), som er oppnemnt ved kommisjonsavgjerd 2014/113/EU⁽³⁾.
- 4) I samsvar med direktiv 98/24/EF tyder «grenseverdi for eksponering i arbeidet», dersom ikkje anna er spesifisert, grensa for den tidsvegne gjennomsnittskonsentrasjonen av ein kjemisk agens i lufta i pustesona til ein arbeidstakar i høve til ein fastsett referanseperiode.
- 5) Rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet er helserelaterte verdiar som er rekna ut av SCOEL på bakgrunn av nyaste tilgjengelege vitskaplege data, og vedtekne av Kommissjonen, samstundes som det vert teke omsyn til tilgjengelege måleteknikkar. Grenseverdiar for eksponering vil seie at under dette nivået er det generelt ikkje venta at ein kjemisk agens skal ha nokon skadeverknad ved kortvarig eller dagleg eksponering gjennom eit heilt yrkesaktivt liv. Dei utgjer unionsmål og skal hjelpe arbeidsgjevarar til å definere og vurdere risikoar og gjennomføre førebyggjande tiltak og vernetiltak i samsvar med direktiv 98/24/EF.
- 6) I samsvar med tilrådingar frå SCOEL er det fastsett rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt på åtte timar (grenseverdiar for langvarig eksponering) og, for visse kjemiske agensar, i høve til kortare referanseperiodar, som vanlegvis er eit tidsvege gjennomsnitt på 15 minuttar (grenseverdiar for kortvarig eksponering), for å ta omsyn til verknadene av kortvarig eksponering.
- 7) Medlemsstatane skal fastsetje ein nasjonal grenseverdi for eksponering i arbeidet for alle kjemiske agensar som har ein rettleiande grenseverdi som er fastsett på unionsplan. Dei skal ta omsyn til unionsgrenseverdien når dei skal avgjere korleis den nasjonale grenseverdien skal fastsetjast i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 27 av 1.2.2017, s. 115, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 159/2018 av 6. juli 2018 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av menn og kvinner), ennå ikke kunngjort.

⁽¹⁾ TEF L 131 av 5.5.1998, s. 11.

⁽²⁾ Rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen (TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1).

⁽³⁾ Kommisjonsbeslutning 2014/113/EU av 3. mars 2014 om nedsettelse av en vitenskapskomité for grenseverdier for eksponering i arbeidet for kjemiske agensar og om oppheving av beslutning 95/320/EF (TEU L 62 av 4.3.2014, s. 18).

- 8) Rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet er ein viktig del av dei allmenne tiltaka for vern av arbeidstakarar mot helserisikolar som følgjer av eksponering for farlege kjemikaliar.
- 9) I samsvar med artikkel 3 i direktiv 98/24/EF har SCOEL vurdert tilhøvet mellom helseverknadene til dei kjemiske agensane som er oppførte i dei 31 postane i vedlegget til dette direktivet, og eksponeringsnivået i arbeidet, og tilrådd at det vert fastsett rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet gjennom innandring for alle desse kjemiske agensane i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt på åtte timar. Det bør difor fastsetjast grenseverdiar for langvarig eksponering for alle desse agensane i vedlegget til dette direktivet.
- 10) For visse av desse kjemiske agensane tilrår SCOEL òg at det vert fastsett slike grenseverdiar i høve til kortare referanseperiodar og/eller at det vert oppført merknader om risikoen for huda.
- 11) Fire av desse kjemiske agensane, nitrogenmonoksid, kalsiumhydroksid, litiumhydrid og eddiksyre, er for tida oppførte i vedlegget til kommisjonsdirektiv 91/322/EØF⁽¹⁾.
- 12) Ein av desse kjemiske agensane, 1,4-diklorbenzen, er for tida oppført i vedlegget til kommisjonsdirektiv 2000/39/EF⁽²⁾.
- 13) Ein annan kjemisk agens, bisfenol A, er for tida oppført i vedlegget til kommisjonsdirektiv 2009/161/EU⁽³⁾.
- 14) SCOEL har tilrådd at det vert fastsett nye rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet for desse agensane. Reviderte grenseverdiar for desse seks kjemiske agensane bør difor oppførast i vedlegget til dette direktivet, og postane for desse kjemiske agensane i vedlegga til direktiv 91/322/EØF, 2000/39/EF og 2009/161/EU bør gå ut.
- 15) For éin av dei kjemiske agensane som er blant dei 31 postane som er oppførte i vedlegget til dette direktivet, akrylsyre, har SCOEL tilrådd ein grenseverdi for kortvarig eksponering i høve til ein referanseperiode på eitt minutt. Det bør difor fastsetjast ein slik grenseverdi for kortvarig eksponering for denne kjemiske agensen i vedlegget til dette direktivet.
- 16) For å sikre eit best mogleg vernenivå er det for visse stoff naudsynt å ta omsyn til mogleg opptak gjennom huda. Blant dei kjemiske agensane som er oppførte i dei 31 postane i vedlegget til dette direktivet, har SCOEL slått fast at det er mogleg at ei større mengd av glyseroltrinitrat, karbontetraklorid, hydrogencyanid, metylenklorid, nitroetan, 1,4-diklorbenzen, metylformat, tetrakloretylen, natriumcyanid og kaliumcyanid kan takast opp gjennom huda. Difor bør det i vedlegget til dette direktivet oppførast merknader om mogleg opptak av ei større mengd av desse kjemiske agensane gjennom huda, i tillegg til dei rettleiande grenseverdiane for eksponering i arbeidet.
- 17) Det rådgjevande utvalet for helse og tryggleik på arbeidsplassen⁽⁴⁾, som er rådspurt i samsvar med artikkel 3 nr. 2 i direktiv 98/24/EF, sannkjenner at det er ulike meiningar om det er teknisk mogleg å oppnå dei framlagde rettleiande grenseverdiane for eksponering i arbeidet for nitrogenmonoksid og nitrogendioksid innan gruvedrift og tunnelboring, og for karbonmonoksid innan gruvedrift. Utvalet sannkjenner òg at dei tilgjengelege måle metodane ikkje er gode nok til å vise om det er samsvar med den framlagde grenseverdien for nitrogendioksid innan gruvedrift og tunnelboring. Medlemsstatane bør difor få nytte ein overgangsperiode til å innføre dei grenseverdiane som er fastsette i vedlegget til dette direktivet for nitrogenmonoksid, nitrogendioksid og karbonmonoksid innan gruvedrift og tunnelboring, og Kommisjonen bør vurdere dei førnemnde aspekta på nytt innan utgangen av overgangsperioden. I denne overgangsperioden kan medlemsstatane halde fram med å nytte dei eksisterande grenseverdiane i staden for å nytte dei som er fastsette i vedlegget til dette direktivet.

⁽¹⁾ Kommisjonsdirektiv 91/322/EØF av 29. mai 1991 om fastsettelse av veileidende grenseverdier i henhold til rådsdirektiv 80/1107/EØF om vern av arbeidstakere mot farer ved å være utsatt for kjemiske, fysiske og biologiske agenser i arbeidet (TEF L 177 av 5.7.1991, s. 22).

⁽²⁾ Kommisjonsdirektiv 2000/39/EF av 8. juni 2000 om fastsetjing av ei første liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF om vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen (TEF L 142 av 16.6.2000, s. 47).

⁽³⁾ Kommisjonsdirektiv 2009/161/EU av 17. desember 2009 om fastsetjing av ei tredje liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF, og om endring av kommisjonsdirektiv 2000/39/EF (TEU L 338 av 19.12.2009, s. 87).

⁽⁴⁾ Rådsavgjerd 2003/C 218/01 av 22. juli 2003 om oppnemning av eit rådgjevande utval for helse og tryggleik på arbeidsplassen (TEU C 218 av 13.9.2003, s. 1).

- 18) I samsvar med den felles politiske fråsegna frå medlemsstatane og Kommisjonen av 28. september 2011 om forklarande dokument⁽¹⁾ har medlemsstatane plikta seg til at meldinga om innarbeidingstiltaka i rettkomne tilfelle skal følgjast av eitt eller fleire dokument som syner samanhengen mellom dei ulike delane av eit direktiv og dei tilsvarande delane av dei nasjonale innarbeidingsdokumenta.
- 19) Med omsyn til dette direktivet meiner Kommisjonen at det er god grunn til å oversende slike dokument i form av ein tabell som viser samanhengen mellom dei nasjonale tiltaka og dette direktivet, ettersom det for visse av agensane alt finst nasjonale grenseverdiar for eksponering i arbeidet i nasjonal lovgjeving, og ettersom dei juridiske verkemidla på nasjonalt plan for fastsetjing av grenseverdiar for eksponering i arbeidet er av ulik type og teknisk karakter.
- 20) Det rådgjevande utvalet for helse og tryggleik på arbeidsplassen gav fråsegnene sine 27. november 2014 og 21. mai 2015.
- 21) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet for teknisk utvikling som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i rådsdirektiv 89/391/EØF.

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Det vert fastsett ei fjerde liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet for dei kjemiske agensane som er oppførte i vedlegget.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal fastsetje nasjonale grenseverdiar for eksponering i arbeidet for dei kjemiske agensane som er oppførte i vedlegget, samstundes som det vert teke omsyn til unionsgrenseverdiane.

Artikkel 3

I vedlegget til direktiv 91/322/EØF går tilvisingane til eddiksyre, kalsiumhydroksid, litiumhydrid og nitrogenmonoksid ut med verknad frå 21. august 2018, med atterhald for artikkel 6 nr. 2 bokstav a).

Artikkel 4

I vedlegget til direktiv 2000/39/EF går tilvisinga til 1,4-diklorbenzen ut med verknad frå 21. august 2018.

Artikkel 5

I vedlegget til direktiv 2009/161/EU går tilvisinga til bisfenol A ut med verknad frå 21. august 2018.

Artikkel 6

1. Når det gjeld gruvedrift og tunnelboring kan medlemsstatane få ein overgangsperiode som går ut seinast 21. august 2023 med omsyn til grenseverdiane for nitrogenmonoksid, nitrogendioksid og karbonmonoksid.
2. I den overgangsperioden som er nemnd i nr. 1, kan medlemsstatane, i staden for å nytte dei grenseverdiane som er fastsette i vedlegget, halde fram med å nytte følgjande:
 - a) Med omsyn til nitrogenmonoksid: Dei eksisterande grenseverdiane som er fastsette i samsvar med vedlegget til direktiv 91/322/EØF.
 - b) Med omsyn til nitrogendioksid og karbonmonoksid: Dei nasjonale grenseverdiane som er i kraft 1. februar 2017.

⁽¹⁾ TEU C 369 av 17.12.2011, s. 14.

Artikkel 7

1. Medlemsstatane skal innan 21. august 2018 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet.

Dei skal straks sende over til Kommisjonen teksta til desse føresegnene og sende med eitt eller fleire forklarande dokument i form av tabellar som viser samanhengen mellom føresegnene og dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 8

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 9

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 31. januar 2017.

For Kommisjonen

Jean-Claude JUNCKER

President

VEDLEGG

EF-nr. ⁽¹⁾	CAS-nr. ⁽²⁾	NAMNET TIL DEN KJEMISKE AGENSEN	GRENSEVERDIAR				Merknad ⁽³⁾
			8 timar ⁽⁴⁾		Kortvarig ⁽⁵⁾		
			mg/m ³ ⁽⁶⁾	ppm ⁽⁷⁾	mg/m ³ ⁽⁶⁾	ppm ⁽⁷⁾	
—	—	Mangan og uorganiske mangansambindingar (som mangan)	0,2 ⁽⁸⁾ 0,05 ⁽⁹⁾	—	—	—	—
200-240-8	55-63-0	Glyseroltrinitrat	0,095	0,01	0,19	0,02	Hud
200-262-8	56-23-5	Karbondetraklorid, tetraklormetan	6,4	1	32	5	Hud
200-521-5	61-82-5	Amitrol	0,2	—	—	—	—
200-580-7	64-19-7	Eddiksyre	25	10	50	20	—
200-821-6	74-90-8	Hydrogencyanid (som cyanid)	1	0,9	5	4,5	Hud
200-838-9	75-09-2	Metylenklorid, diklormetan	353	100	706	200	Hud
200-864-0	75-35-4	Vinylidenklorid, 1,1-dikloretylen	8	2	20	5	—
201-083-8	78-10-4	Tetraetylortosilikat	44	5	—	—	—
201-177-9	79-10-7	Akrylsyre, prop-2-ensyre	29	10	59 ⁽¹⁰⁾	20 ⁽¹⁰⁾	—
201-188-9	79-24-3	Nitroetan	62	20	312	100	Hud
201-245-8	80-05-7	Bisfenol A, 4,4'-isopropylidendifenol	2 ⁽⁸⁾	—	—	—	—
202-981-2	101-84-8	Difenyleter	7	1	14	2	—
203-234-3	104-76-7	2-etylheksan-1-ol	5,4	1	—	—	—
203-400-5	106-46-7	1,4-diklorbenzen, <i>p</i> -diklorbenzen	12	2	60	10	Hud
203-453-4	107-02-8	Akrolein, akrylaldehyd, prop-2-enal	0,05	0,02	0,12	0,05	—
203-481-7	107-31-3	Metylformat	125	50	250	100	Hud

EF-nr.(¹)	CAS-nr.(²)	NAMNET TIL DEN KJEMISKE AGENSEN	GRENSEVERDIAR				Merknad(³)
			8 timar(⁴)		Kortvarig(⁵)		
			mg/m ³ (⁶)	ppm(⁷)	mg/m ³ (⁶)	ppm(⁷)	
203-788-6	110-65-6	But-2-yn-1,4-diol	0,5	—	—	—	—
204-825-9	127-18-4	Tetrakloretylen	138	20	275	40	Hud
205-500-4	141-78-6	Etylacetat	734	200	1 468	400	—
205-599-4	143-33-9	Natriumcyanid (som cyanid)	1	—	5	—	Hud
205-792-3	151-50-8	Kaliumcyanid (som cyanid)	1	—	5	—	Hud
207-069-8	431-03-8	Diacetyl, butandion	0,07	0,02	0,36	0,1	—
211-128-3	630-08-0	Karbonmonoksid	23	20	117	100	—
215-137-3	1305-62-0	Kalsiumhydroksid	1(⁹)	—	4(⁹)	—	—
215-138-9	1305-78-8	Kalsiumoksid	1(⁹)	—	4(⁹)	—	—
231-195-2	7446-09-5	Svoveldioksid	1,3	0,5	2,7	1	—
231-484-3	7580-67-8	Litiumhydrid	—	—	0,02(⁸)	—	—
233-271-0	10102-43-9	Nitrogenmonoksid	2,5	2	—	—	—
233-272-6	10102-44-0	Nitrogendioksid	0,96	0,5	1,91	1	—
262-967-7	61788-32-7	Terfenyl, hydrogenert	19	2	48	5	—

⁽¹⁾ EF-nr.: Det europeiske fellesskapets (EF) nummer, den numeriske EU-identifikasjonskoden til stoff.

⁽²⁾ CAS-nr.: Chemical Abstract Service Registry Number.

⁽³⁾ Dersom merknaden «Hud» står til ein grenseverdi for eksponering i arbeidet, tyder dette at ei større mengd av stoffet kan takast opp gjennom huda.

⁽⁴⁾ Målt eller utrekna i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt på åtte timar.

⁽⁵⁾ Grenseverdi for kortvarig eksponering. Ein grenseverdi som ikkje bør overskridast, og som gjeld for ein eksponeringsperiode på 15 minuttar, med mindre noko anna er nemnt.

⁽⁶⁾ mg/m³: milligram per kubikkmeter luft. For kjemikalar i gass- eller dampfase vert grenseverdien uttrykt ved 20 °C og 101,3 kPa.

⁽⁷⁾ ppm: milliondelar etter volum i luft (ml/m³).

⁽⁸⁾ Inhalerbar fraksjon.

⁽⁹⁾ Respirabel fraksjon.

⁽¹⁰⁾ Grenseverdi for kortvarig eksponering i høve til ein referanseperiode på eitt minutt.